



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Torill Halland, 55 572114

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap  
Postboks 2014  
3103 TØNSBERG

Vår dato  
31.03.2008

Vår referanse  
08/2307-2/350/VSI  
Dykkarreferanse  
03/1550/SCKA

Dykkar dato  
26.02.2008

Fylkesmannens kontor

- 3 APR 2008

08/4175

KAL/HET

850/044.3

Saksid. 08/861-1

## Kåring av årets kommune innan samfunnstryggleik og beredskap for 2007

Me viser til brev frå dykk dagsett 15. februar 2008 angående nominasjon av ein kommune til samfunnstryggleiks- og beredskapsprisen. Fylkesmannen i Hordaland har etter grundige vurderingar valt å nominera **Meland kommune** til denne prisen.

Meland kommune ligg nordvest i Hordaland fylke og omfattar Holsnøy, Flatøy og nokre mindre øyar. Meland er nabokommune til Bergen, med reisetid til Bergen sentrum på under ein halv time. Kommunen er landfast via Nordhordlandsbrua og er såleis det geografiske bindeleddet mellom Bergen og Nordhordland.

Meland kommune er i sterk vekst med eit innbyggjartal på 6233 (pr 31.12.2007). Busetnaden er spreidd, men mest konsentrert rundt kommunesenteret Frekhaug. I kommunen finst det arbeidsplassar innan industri, jordbruk og offentleg forvaltning, men det er også eit stort innslag av pendlarar, både til Bergen og til nabokommunen Lindås.

Meland har gjennom mange år prioritert beredskapsarbeid svært høgt, og er i dag mellom dei absolutt beste beredskapskommunane i fylket. Fylkesmannen førte tilsyn med beredskapsarbeidet i kommunen i februar 2008, og hadde her det beste resultatet nokon sinne med berre *ein* merknad / forbettringspunkt og ingen avvik.

Fylkesmannen viser til dei ulike kriteria gjevne av dykk, og peikar på fylgjande:

- Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er svært godt forankra i kommuneleiinga, rolleavklaringa internt i KKL er svært god og av tilsynet kom det klart fram at leiargruppa også har usedvanleg god kjennskap til dei ulike beredskapsprosessane i kommunen. Fokus på beredskap og samfunnstryggleik vert også synleggjort i viktige styringsdokument som kommuneplanen, i årsmeldinga samt i anna planverk.
- Meland kommune sine ROS-analysar er oppdaterte og godt kjend i heile organisasjonen. Dei er tiltaksorienterte og vert nytta aktivt til dømes i samband med arealplanlegging.
- Plan for kriseleiing er samordna med og knytta opp til andre beredskapsplanar i eit planhierarki. Det er utarbeida gode mål for beredskapsarbeidet på ulike nivå og i dei ulike planane. Alt av beredskapsplanverk, ROS-analysar, tiltak, målsetjingar og referat etter ulike møter og øvingar er samla i "Beredskapspermen". Alle i KKL og ein del andre nøkkelpersonar har eit eksemplar av permen, og den er svært godt kjent i organisasjonen. Tilsynet avdekkka at det er utarbeida bunnsolide rutinar for vedlikehald av beredskapspermen.
- Meland kommune arbeider aktivt med kompetanseheving og gjennomfører systematisk ulike kurs og seminar knytta til beredskap. I tillegg til øvingane som Fylkesmannen initierer vil

Statens hus  
Kalgaten 9, 5020 Bergen  
Telefon: 55 57 20 00  
Telefaks: 55 57 20 09

Beredskapsleiinga  
Postboks 7310, 5020 Bergen  
Telefaks: 55 572102  
Org.nr: 974760885

E-post:  
postmottak@fmho.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/hordaland

Meland kommune i 2008 gjennomføra ei evakueringsøving ved Meland sjukeheim, som også vil involvera kriseleiinga. Kommunen er for tida i ferd med å formulera eit krav i beredskapspermen om årleg å initiere ei øving som involverer kriseleiinga.

- Meland kommune har oppdaterte delplanar for mellom anna smittevern, helsemessig og sosial beredskap, pandemisk influensa, brannvern, vassforsyning, straumbrot, akutt forureining, dødsfall i skule og barnehage, psykisk kriseteam og kriseinformasjon. Planverket synest å vera godt samordna, og rutinar for oppdatering og revidering er på plass.
- Kommunen nyttar GIS i høve til alle typar plansaker og GIS vert nytta som eit viktig supplement i samband med beredskapsmessige omsyn i arealplanlegginga. Meland har enno ikkje utarbeida reine risiko-kart men kommunen har ein svært kompetent kartavdeling som mellom har utvikla viltkart, kart for biologisk mangfald, gardskart m.m.
- Meland kommune deltek i eit regionalt IKT-samarbeid retta mot informasjonstryggleik generelt. Innan kort tid vil denne regionale gruppa gjennomføra opplæring i informasjonstryggleik for dei tilsette i kommunen. Den tekniske biten av IKT er ivareteken gjennom gode rutinar for backup og server-vedlikehald.
- Fylkesmannen førte tilsyn med beredskapsarbeidet i Meland kommune i februar 2008 og kan slå fast at beredskap er svært godt forankra både i kommuneleiinga og utover i dei ulike einingane. Vidare at Meland har gode rutinar på samtlege felt innanfor beredskapsarbeid, som utarbeiding og oppdatering av ulike planar, implementering av samfunnstryggleik i viktige styringsdokument, utarbeiding og aktiv bruk av ROS-analysar og ikkje minst når det gjeld å ha fokus på beredskap knytt til arealbruk. Beredskapspermen, med sitt samordna innhald og svært gode rutinar for vedlikehald, var likevel det som imponerte oss mest!

Fylkesmannen i Hordaland ser på Meland kommune er ein verdig kandidat til beredskapsprisen 2007!

Om de skulle ha spørsmål, - ta gjerne kontakt med beredskapseininga v/ Torill Halland tlf 55572114 eller Meland kommune v/ Kari Anne Iversen tlf 56171031.

Med helsing

  
Vidar Simmenes e.f.  
fung. fylkesberedskapssjef

  
Torill Halland  
rådgjevar

Kopi: Meland kommune v/ Kari Anne Iversen